

Søknad om kulturminnevernmidlar for 2016 til gamalt kraftverk på Nøttveit gnr. 73 bnr. 1/2

Viser til utlysning av kulturminnevernmidler for Modalen kommune med søknadsfrist 8. november 2015 og litt utsatt frist.

I utlysningteksten står det: Det vert gjeve stønad til istandsetjing av eldre bygningar, løer, stølshus, naust, smier og andre kulturminne som ligg innanfor Modalen kommune sine grenser.

Maskineriet til det gamle kraftverket kom til Nøttveit i 1939, men verket vart ikkje bygd opp før 1946 grunna krigen. Verket var i drift til midt på 70'tallet då det fraus og isen sprengde sund delar tå maskineriet. Røyrgata var laga tå tre lokalt på ei lita sag rett attmed verket. No nesten heilt røyret borte og det ligg berre jernringane att oppover i terrenget. Sett i forhold til dei fleste liknande gamle småkraftverk er Nøttveit stasjonen relativt komplett. Nokre av delane er som sagt øydelagd, men dette let seg gjera å reparera lokalt.

Jordbruk, sand og kraft har frå gammalt vore dei viktigaste næringane i Modalen og eg meiner det er viktig å halda ved like dei få kulturminna som endå er relativt intakte, og om mogeleg og setja dei i stand til å verta ei levande museumskulturminne.

Det gamle kraftverket ligg innanfor det naustområdet mot sør på Nøttveit og er eit godt døme på Modalen si historie med utnytting av nature. I kulturminnevernplanen er dette området sett til vernekategori B. Tidlegare har det vore både sag og mølle i dette området, som eg har i tankane å rekonstruera etter kvart.

So langt har eg frå eigen kostnad reparert og bygd opp at heile demninga og inntaket. Eg søkte ikkje om støtte her då dette var mykje arbeidsinnsats, men og ein del direkte kostnadar.

Målet er å fortsetja rehabiliteringa allereie neste år dersom eg får stønad.

Følgjande er tenkt gjort:

Kjøpa PE-røyr for dei om lag 180 meterane mellom dam og verk, med tilhøyrande stengeventil samt vinkelbend og diverse mindre utstyr på inntaket ved demninga. Ved stasjonen treng me eit nytt innlaupsrøyr, stengjeventil og konus mot sjølve turbia. I tillegg treng ei sugerøyret under stasjonen. Utstyret inne i stasjonen treng hovudsakeleg berre overhaling.

Det opphavlege røyret va laga tå tre, men det er ikkje forsvarleg å rekonstruera, men eg tenkjer at ein på den siste strekninga mot stasjonen kan kle røyret med tre, vil dette framstå om lag som det opphavleg var laga.

Sidan dette ikkje vil gjeva verdiskaping på Nøttveit og då eg allereie heve kosta demninga sjølv, søker eg med dette Modalen kommune om kulturminnevernmidlar for å få dekka 80 % av materialkostnandane i hht vedlagt tilbod frå Hordaland Røyrtteknikk 119 300 + moms samt bordkledning utanpå PE-røyret ca 40 m og då om lag 40m² @ 100 kr/m² gjev 4000,- kr + stålband. Total søknad vert då 125 000,- kroner. Alle tal er utan moms.

Vennleg helsing



Einar Sofienlund
Mobil 90944322